



VOSS HERAD 2020

NR. 3, DESEMBER 2017. Informasjon frå tillitsvalde.

KORLEIS FÅ INFORMASJON?

Informasjon til tilsette vil vera viktig framover. Førebels kan du finne informasjon her:

- På Facebook: [Nye Voss kommune](#)
- Ny heimeside for den nye kommunen: [Heimeside til Voss herad](#)
- Informasjon på arbeidsplassane og gjennom fagforeiningane



Arild Steine

Foto: Kvam herad

SISTE NYTT FRÅ PSU/FELLESNEMD

I november har mykje av arbeidet vore retta mot rekruttering av prosjektleiar/rådmann. Tillitsvalde frå begge kommunar har vore med i prosessen i lag med politikarar. Me har hatt eit framifrå samarbeid, gode diskusjonar og til slutt eit samråystes vedtak. I tillegg har Mercuri Urval (rekrutteringsbyrå) støtta oss med god informasjon og tilrettelegging i prosessen.

I desember har me hatt risikoanalyse og suksesskriterier for samanslåinga på saklista i PSU. Det er gjort eit godt arbeid, og me tillitsvalde har kome med våre innspel.

Reidar Meel er kome godt i gang med arbeidet knytta til kommuneplan for Voss herad. Han informerte fellesnemda i desembermøte om gangen i arbeidet. Planen skal gjelda frå 2020-2031, og det er eit viktig overordna styringsdokument for den nye kommunen. Arbeidet med å få innspel startar 15.januar med felles kommunestyre-/heradsstyremøte for Granvin og Voss, der er også 4 tillitsvalde inviterte med. Arbeidet så langt finn du [her](#).

TILSETTINGAR I PROSJEKTET

Arild M. Steine er tilsett som prosjektleiar i Nye Voss. Han skal overta som rådmann i Voss herad frå 1.januar 2020. No er han tilsett som rådmann i Kvam herad, men han har hatt ei variert arbeidserfaring frå privat og offentleg sektor. Arild er svært motivert til å byrja i jobben som prosjektleiar, og han har sin første arbeidsdag i Nye Voss 4.januar 2018. Me ynskjer han velkommen, og me tillitsvalde ser fram til eit godt samarbeid.

OMSTILLINGSAVTALE

Tysdag 5.desember starta arbeidet med å lage ein omstillingsavtale for arbeidstakarane i Granvin og på Voss. Bakgrunnen er at alle skal få ny arbeidsgjevar frå 1.januar 2020, og avtalen skal sikra rettar for kvar enkelt arbeidstakar inn i Voss herad. Avtalen skal vera klar i løpet av februar 2018, og den skal signerast av HTV-ar og rådmenn i Granvin og

på Voss. I forhold til omstillingsavtalen får alle HTV-ar og HVO-ar moglegheit til å kome med innspel, og det vert eit prioritert og viktig arbeid i januar.

ARBEIDSGRUPPER

Mange av arbeidsgruppene er godt i gang. Etter kvart vil det koma meir informasjon frå gruppene . Mandata til gruppene finn du [her](#).

Personal- Det har blitt gjennomført kartleggingssamtalar med leiargruppene i kommunane. Særavtalar er eit tema på kvart møte, det er viktig å få alle munnlege og skriftlege avtalar inn til denne gruppa.

Oppvekst- Har hatt tre møter. Kartlegging, fordeling og prioritering av arbeidsoppgåver til undergruppene har vore viktig. Undergruppene har første leveringsfrist til hovudgruppa 22.12.17

Helse og sosial- Har hatt møter og er godt i gang med å finne ut kva dei kan samarbeide om. I januar skal denne gruppa ha ein «kick off» der dei skal samla alle tillitsvalde og leiarar på alle avdelingar. Målet er å få innspel, i tillegg å få alle involvert i det arbeidet som skal gjerast framover.

Arkiv/IT- Kartlegging av ulike IT-system/ arkiv-løysingar i Granvin og på Voss. Mange av løysingane er pr. i dag felles, så dette lettar jobben ein del.

REPRESENTANTAR FOR DEI TILSETTE I GRANVIN OG PÅ VOSS

Rune Magnar Røthe- HTV- Utdanningsforbundet Granvin (Møter i PSU og fellesnemnd, sit i hovudgruppe for oppvekst) tlf: 95043836

Mari Mæland- HTV- Fagforbundet Granvin (Møter i PSU og vara fellesnemnd, sit i hovudgruppe for personal)tlf: 41315839

Asbjørn Nilsen- HTV- Fagforbundet Voss (møter i PSU og fellesnemnd, sit i hovudgruppe for personal) tlf. 91695751

Anne Berit Himle- HTV- Sjukepleiarforbundet Voss (møter i PSU, sit i hovudgruppe for helse og omsorg) tlf. 97721276

Randi Eikanger Kalsaas- HVO- Granvin (møter PSU) tlf. 92263300

Trude Kvarekval Lydvo- HVO- Voss (møter i PSU) tlf. 40826622

TIPS

Følg med på dei nye nettsidene [vossherad.no](#) der all ny informasjon vil verte lagt ut. Les [intensjonsavtalen](#) for kommunesamanslåinga mellom Voss og Granvin (ligg på nettsida til Nye Voss). Denne er eit viktig grunnlag for det vidare arbeidet.

INNSPEL

Har du innspel og tankar som bør koma med i prosessen? Ta kontakt med tillitsvalde på din arbeidsplass eller direkte til nokon i lista over.

VIKTIG!

Dersom du har personlege særavtalar med arbeidsgjevar (skriftleg eller munnleg) så må den leggjast fram til personalkontoret i din kommune. Alle særavtalar skal vurderast før me blir ny kommune i 2020.

ME YNSKJER ALLE EI GOD JOL OG EIT GODT NYTT ÅR!